



Årsrapport 2019



ARTSDATABANKEN

Forside

Layout: Åshild S. Viken, Artsdatabanken

Foto: Shutterstock

Innhold

| | |
|--|----|
| I. Leiarrapport | 4 |
| II. Introduksjon til verksemda og hovudtal | 6 |
| III. Årets aktivitetar og resultat | 7 |
| IV. Styring og kontroll i verksemda | 13 |
| V. Vurdering av framtidsutsikter | 14 |
| VI. Årsregnskap | 15 |
| Prinsippnote til årsregnskapet | 17 |
| Riksrevisjonens beretning | 25 |

I. Leiarrapport

Direktør og styret har lagt Klima- og miljødepartementet (KLD) sitt mandat av 31.8.2018 og instruks av 19.12.2018 til grunn for styring av arbeidet: «Artsdatabanken er en nasjonal kunnskapsbank om naturmangfold i Norge. Artsdatabankens viktigste oppgave er å forsyne samfunnet med oppdatert og lett tilgjengelig kunnskap om naturtyper, arter og populasjoner (genetisk variasjon).»

Styret har hatt fire styremøte i 2019. Den rådgjevande forvaltningsgruppa for Artsdatabanken har hatt to møte i 2019. Artsdatabanken har fått mange og konstruktive synspunkt og råd frå dei etatane som er oppnemnde i dette organet.

Styret har hatt fokus på prioriteringar i KLD sitt tildelingsbrev for 2019. Det er lagt særleg vekt på arbeidet med Økologisk grunnkart, Natur i Noreg og oppstart av arbeidet med ny Raudliste for arter. Styret ser at styringsmodellen for Økologisk grunnkart har vore krevjande for Artsdatabanken og det kan med fordel vurderast andre måtar å styre arbeidet med det økologiske grunnkartet framover.

Dei tilsette i Artsdatabanken har delteke aktivt i oppbygga av felles administrative funksjonar i miljøetatane. Det har vore krevjande for ein etter måten liten etat som Artsdatabanken å vere med på alle dei prosessane som samordningsstrategien fører med seg. I arbeidet med å iverksette dei administrative tiltaka i samordningsstrategien er styret spesielt merksam på risikonivået ved overføring av IKT-drifta frå NTNU til Miljødirektoratet. For Artsdatabanken er drifta og stabiliteten av den tekniske infrastrukturen verksemdkritisk.

Administrasjonen har no fått gode røymsler med dei interne organa og rutinar som sjølvstendig bruttobudsjettet verksemd, m.a. samarbeidsorgan med fagforeiningane, HMS, beredskap og rapporteringsrutinar. På basis av evaluering av leiarstruktur og funksjonar og medarbeidarundersøking av arbeidsmiljøet er gjennomført. Dei tilsette er nøgde og nokre mindre tilpassingar i organisasjonen er gjennomført.

Arbeidsoppgåver og ressursbruk i 2019 har vore godt forankra i styrevedtak om årsplan og budsjett. Resultatopnåinga har vorte rapportert kontinuerleg til styret gjennom året. Styret er godt nøgd med administrasjonen si planmessige utvikling og drift av verksemda. Som offentleg etat er det framleis krevjande for Artsdatabanken å halde på og nyrekruttere IKT-kompetanse.

Styret er godt nøgd med saksførebuingar, økonomistyringa og oppfølging av vedtak i styret i 2019. Styret er nøgd med at Artsdatabanken har fungert godt i tidsmessige lokale. Artsdatabanken sin økonomi er tilfredsstillande sett i lys av oppgåvene i 2019.

Av fleire viktige milepålar og leveransar i 2019 vil styret spesielt trekkja fram at Artsdatabanken kan melde følgjande:


- Arbeidet med å etablere den tekniske infrastrukturen for det økologiske grunnkartet har god framdrift.
- Arbeidet med Natur i Noreg har god framdrift og involvering frå dei større biologiske kunnskapsinstitusjonane, spesielt gjennom vitskapeleg råd.
- Arbeidet med å lage Norsk raudliste for arter 2021 er starta opp, det er lagt vekt på naudsynt kapasitet i Artsdatabanken, høg fagleg kvalitet og rekruttering av fleire yngre forskarar i ekspertkomiteane.

Styret vil trekkje fram potensialet i å vidareutvikle Artsdatabanken sitt samfunnsoppdrag, spesielt innan arbeid med infrastruktur og bruk av teknologiske nyvinningar i oppgåveløysingane. Potensialet for effektivisering ved automatisert datafangst basert på ny teknologi vil auke volum og kvalitet og vil styrke Artsdatabanken si rolle som kunnskapsformidlar vesentleg. Styret ser også fram til at Artsdatabanken i åra framover får høve til å intensivere arbeidet med mobilisering av data, her er det store datamengder å hauste frå eksisterande kjelder.

Styret ser fram til vidare god dialog med KLD, andre relevante styresmakter og kunnskapssektoren om framtidig organisering av og innhald i Artsdatabanken sitt samfunnsoppdrag.

Trondheim, 18. februar 2020


Bror Yngve Rahm


Vigdis Vandvik


Torborg Berge


Sonja Elin Kleven
Jakobsen


Kristoffer Bøhh


Snorre Henriksen


Rune Moe

II. Introduksjon til verksemda og hovudtal

Artsdatabanken har i 2019 ført vidare sitt arbeid med å forsyne samfunnet med oppdatert og lett tilgjengeleg kunnskap om naturtypar, arter og populasjonar. Dette er ivareteke gjennom oppgradering og drift av våre nettbaserte tenester. Det er samtidig arbeid planmessig med dei prosjekt som er prioritert i tildelingsbrevet.

III. Årets aktiviteter og resultat

Overordna resultatdel

Økologisk grunnkart

Arbeidet med økologisk grunnkart (ØG) blir leia av Miljødirektoratet. Artsdatabanken har roller knytt til etablering av naudsynt infrastruktur for dataflyt, mobilisering og etablering av viktige kartlag og gje fagleg støtte til kartlegging av natur. ØG skal vera samansett av mange kartlag innanfor tema som: Arter, landskapstypar, naturtypar og miljøvariablar. Artsdatabanken skal samordna dataflyt, etablere innsynsløysingar og karttenester. Arbeidet blir koordinert av ei tverrsektoriell direktoratsgruppe, leia av Miljødirektoratet, der Artsdatabanken deltek i sekretariatet. Direktoratsgruppa har hatt tre møte i 2019 og gjev råd om prioritering og fagleg innhald i tenesta som er under utvikling.

Landskapstypar og miljøvariablar er no tilgjengelege i denne løysinga. Forvaltningsportalen for ØG vart presentert i prosjektmøte 13. desember som ein tidleg testversjon. Det er venta å ha gode tidsmessige marginar for lansering av første offentlege versjon desember 2020.

Natur i Noreg

Natur i Noreg er Artsdatabanken sitt type- og skildringssystem for naturvariasjon. NiN skal vera vitenskapleg basert og blir revidert på grunnlag av gjeldande kunnskap. Artsdatabanken har hovudansvaret for å utvikla og leggje til rette NiN-metodikken slik at denne kan brukast i miljøforvaltninga og sektorane si kartlegging (Oppfølging av Meld. St 14 (2014-2016) Natur for livet). Den same stortingsmeldinga viser òg til at NiN skal leggstil grunn for all kartlegging av naturtypar i offentleg regi.

For å sikra høg vitenskapleg kvalitet på arbeidet med NiN er det etablert eit vitenskapleg råd for NiN. Rådet har ansvaret for å ta stilling til forslag til endringar i prinsipp, typeinndeling og skildringssystem i NiN, slik at systemet er mest mogleg oppdatert etter gjeldande kunnskap om norsk naturtypevariasjon. Det vitenskaplege rådet for NiN har jobba gjennom 2019 og skal levera ein oppdatert versjon av NiN i 2022.

Norsk raudliste for arter

Ny raudliste for arter vil bli publisert i 2021. I 2019 er arbeidet med revisjon av raudlista starta opp, men om lag 6 månader forseinka. Hausten 2019 vart organiseringa og kontraktane utforma og ekspertkomiteane etablert. Budsjetten er styrkt samanlikna med tidlegare. Dette har gjort det mogleg å rekruttera nokre fleire yngre medlemmer. Dette er viktig for å ha kontinuitet i arbeidet og for å styrka kvaliteten. Arbeidet med vurderingane av trugsmål mot artene startar etter årsskiftet. Prosjektet tek òg sikte på å setja i verk fleire administrative tiltak som kom fram gjennom evalueringsarbeidet med listevurderingane i Artsdatabanken.

Kommentar til sekvensielle aktiviteter

Artsdatabankens tre sekvensielle leveransar, to raudlister og framandartslista. Desse er no inne i ein fast sekvens med 6 års intervall og to år mellom dei ulike leveransane. Dette gjev ei betre utnytting av ressursane både eksternt og internt då det til ei viss grad er dei same personane som blir nytta for fleire av leveransane.

Detaljert resultatdel

1. Kunnskap om norsk natur

Artsnamnebasen

Artsnamnebasen er den sentrale namnetenesta for arter i Noreg og inneheld 202 653 taksonnamn, av dette 45 609 norske populærnamn per 31.12.2019. I 2019 har Artsdatabanken teke inn etterslep på import av namn og namneendringar. Kapasitetsauke ved rekruttering av ei fast stilling har vore eit naudsynt tiltak for at denne kjernetenesta skal vera funksjonell. Arbeid med spesifikasjon av teknisk oppgradering av Artsnamnebasen vart starta opp i 2019.

Eigenskapsbasen

Artsdatabanken jobbar fram ein database, ein eigenskapsbank der vi samlar informasjon om eigenskapane til artane. I 2019 fokuserte vi på data om artene si tilknytning til NiN-einingar. Planen er å utvikle nettsidene våre til å visa fram kva arter som kan forventast å bli funn i kva naturtypar og kva arter som er karakteristisk for dei ulike naturtypene.

Natur i Noreg

Natur i Noreg er Artsdatabanken sitt type- og skildringssystemet sitt for naturvariasjon. NiN skal vera vitenskapleg basert og blir revidert på grunnlag av gjeldande kunnskap. Artsdatabanken har hovudansvaret for å utvikle og legge til rette NiN-metodikken slik at denne kan brukast i miljøforvaltninga og sektorane si kartlegging (Oppfølging av Meld. St 14 (2014-2016) Natur for livet). Den same stortingsmeldinga viser òg til at NiN skal leggest til grunn for all kartlegging av naturtypar i offentleg regi.

For å sikra høg vitenskapleg kvalitet på arbeidet med NiN er det etablert eit vitenskapleg råd for NiN. Rådet har ansvaret for å ta stilling til forslag til endringar i prinsipp, typeinndeling og skildringssystem i NiN, slik at systemet er mest mogleg oppdatert etter gjeldande kunnskap om norsk naturtypevariasjon. Det vitenskaplege rådet for NiN har jobba gjennom året 2019 og skal levere ein oppdatert versjon av NiN i 2022. Fleire faggrupper er etablerte (marin, limnisk, arktisk og hevdintensitet) for å handtera spesifikke deler av NiN systemet. Formidling av NiN på ein forståeleg og god måte er høgt prioritert både på nettsida til Artsdatabanken og i rettleiingsmateriell. Det same gjeld kontakt mot brukarane av NiN. Artsdatabanken har gitt fagleg støtte til feltkartlegging av natur etter NiN. Artsdatabanken arrangerte ei opa samling for alle som kartlegg etter NiN i november 2019.

Artsprosjektet

Frå 2009 og fram til i dag er det funne i underkant av 3300 nye arter for Noreg. Av desse er truleg 30 prosent arter som ikkje er skildra vitenskapleg tidlegare. I 2019 vart totalt åtte prosjekt stilt ferdig, desse prosjekta har til saman oppdaga rundt 440 nye arter for Noreg inkludert uskildra arter.

Artsprosjektet har feira ti år i Noreg og ti års samarbeid med det svenske artsprosjektet. Det vart skipa ei jubileumsfeiring i Oslo i september. 30.10. 2019 vart det underteikna ei semje mellom miljødepartementa i Noreg, Sverige og Finland om samarbeid om å auka kunnskapen og kompetansen om biologisk mangfald i norsk, svensk og finsk natur.

Artsdatabanken fekk i 2019 16 nye søknader om tilskot til kartlegging av arter. Totalt budsjett for alle søknader var på kr 56,270 mill.; av dette blir det søkt om eit tilskot frå Artsdatabanken på kr 45,020 mill. Etter ei ekstern vurdering og gjennomgang i prosjektgruppa løyvde styret i møte 23.4.2019 til saman kr 22,806 mill. til sju prosjekt for kartlegging av arter for perioden juni 2019-oktober 2022. I september vart det på ny lyst tilskot til kartlegging av dårleg kjende arter for perioden april 2020 -oktober 2023. Desse søknadene vert handsama i første kvartal 2020.

For å byggje kompetanse om biosystematikk og arter deltek Artsprosjektet med midlar til Forskerskolen i biosystematikk og Norwegian Barcode of Life. NTNU Vitenskapsmuseet, Miljødirektoratet og Artsdatabanken gjennomførte i juni 2019 ein stor internasjonal konferanse i Trondheim på DNA-strekkoding, 8th International Barcode of Life Conference.

Arter på nett

Arter på nett har som mål å gje ulike brukargrupper enkel tilgang til kvalitetssikra og oppdatert informasjon om alle artane som finst i Noreg. Tenesta samlar, genererer og deler opne data i form av tekst, bilete, film, lyd og nøklar til artsbestemming. Totalt er det per 31.12.2019 publiserte 13 nøklar og informasjon om ca. 3200 taksa. På Artsdatabankens nettside er det ved årsskiftet 2019/2020 ca. 13 000 bilete tagga med taksa. Det er i 2019 inngått samarbeidsavtaler med NHM, UiO og NTNU Vitenskapsmuseet om tenesta Arter på nett for perioden 2019–2024.

Økologisk grunnkart og NiN-kart

Arbeidet med økologisk grunnkart (ØG) blir leia av Miljødirektoratet. Artsdatabanken har roller knytt til etablering av naudsynt infrastruktur for dataflyt, mobilisering og etablering av viktige kartlag og å gje fagleg støtte til kartlegging av natur. ØG skal ha mange kartlag innanfor tema som: Arter, landskapstypar, naturtypar og miljøvariablar. Artsdatabanken skal samordne dataflyt, etablere innsynsløysingar og karttenester. Arbeidet blir koordinert av ei tverrsektoriell direktoratsgruppe, leia av Miljødirektoratet, der Artsdatabanken deltar i sekretariatet. Direktoratsgruppa har hatt tre møte i 2019 og gjev råd om prioritering og fagleg innhald i tenesta som er under utvikling.

Artsdatabanken har fått eit eige oppdragsbrev frå Miljødirektoratet. Her blir definert ansvar og aktivitetar innanfor ein øymerka 1410.22-post for ØG i tildelingsbrevet frå KLD. I oppdragsbrevet er etablering av ein kartportal for forvaltningsbrukarar ein av dei største oppgåvene Artsdatabanken har arbeidd med i 2019. Første fase av dette arbeidet har vore ein brukarprosess våren 2019, som har leia til brukaranalysar og spesifikasjonsdokument. I haust har òg utviklinga av sjølve portalen starta, og ein første prototyp og testversjon vart presentert for Miljødirektoratet og KLD i desember 2019. Den vidare utviklinga held fram i 2020 og ein versjon 1 skal lanserast i desember 2020. Utviklinga vil skje ved ein kombinasjon med eigne utviklarar og konsulentkjøp.

Artsdatabanken har i 2019 etablert og lansert ei ny kartteneste NiN-kart. Tenesta vil presentere og distribuere Landskapstypar, kartlagde naturtypar og miljøvariablar i samsvar med Natur i Noreg (NiN). I 2019 er òg kodetenesta for NiN betra.

Artskart

Karttenesta Artskart er ei sentral kjelde til stadfesta informasjon om førekomst av arter, og har mange brukarar i m.a. forvaltning, forskning og organisasjonar. Artskart er ein del av Artsdatabanken sitt arbeid med Økologisk grunnkart. Per 31.12.2019 var det registrert om lag 31 millionar artsfunn av nær 45 000 arter frå 223 kjeldedatabasar, levert av 42 norske institusjonar og nokre GBIF nodar utanfor Noreg. 70 % av datapostane kjem frå Artsobservasjonar.

Videreutvikling av Artskart 2.0 har i 1. halvår vore minimalisert grunna låg kapasitet i Artsdatabanken. Frå september kom ein ny fagansvarlig på plass og arbeidet har fått eit høgare fokus. Avgrensa intern kapasitet på IT-utvikling har ført til noko tenestekjøp for å kunna avvikle eldre versjonar, og etablere ei ny varslingssteneste etterspurt av mange brukarar.

Data frå Artskart vil inngå som eit kartlag i ØG-portalen. Artsdatabanken starta i 2019 eit arbeid med ein fagstandard for kartlegging av funksjonsområda til arter som vart foreslått i ein NINA-rapport i 2018. Dette vil halda fram i 2020.

Artsobservasjoner

Rapporteringsverktøyet Artsobservasjoner blir fylt med stadfesta artsdata med same styrke som tidlegare år. Artsobservasjoner passerte i 2019 totalt 22 mill. artsfunn.

Artsdatabanken har hatt stort fokus på brukarane gjennom brukarstøtte, informasjon, kommunikasjon, oppretting av feil i tenesta og tilrettelegging av etterspurt funksjonalitet. I 2019 har Artsdatabanken hatt eit eige prosjekt for kvalitetssikring der vitenskaplege institusjonar har validert funn av enkelte artsgrupper. Artsobservasjoner har ein sær sentral plass i den nasjonale dataflyten knytt til data om førekomst av arter, og verktøyet er framleis eit viktig verktøy for mobilisering av data.

Norsk raudliste for arter

Ny raudliste for arter vil bli publisert i 2021. I 2019 er det arbeidd med revisjon av raudlista starta opp, men om lag 6 månader forseinka. Hausten 2019 vart organiseringa og kontraktane utforma og ekspertkomiteane etablert. Budsjettet er styrka samanlikna med tidlegare. Dette har gjort det mogleg å rekruttera nokre fleire yngre medlemmer i komiteane. Dette er viktig for å ha kontinuitet i arbeidet og for å styrka kvaliteten. Arbeidet med dei konkrete trugsmålsvurderingane startar etter årsskiftet. Prosjektet tar òg sikte på å setja i verk fleire betringstiltak som kom fram gjennom evalueringsarbeidet med listevurderingane i Artsdatabanken.

Norsk raudliste for naturtypar

Hausten 2018 vart størstedelen av Norsk raudliste for naturtypar publisert. IUCNs metode (kategoriar, kriterium og retningslinjer) er lagt til grunn for arbeidet. Det har vore naudsynt å gjere nokon tilpassingar og laga retningslinjer for fastsetjing av vurderingseiningar då Natur i Noreg (NiN) som typesystem gjev nokre andre forutsetjingar. I 2019 har det vore naudsynt med oppfølging av førespurnader frå næringsorganisasjonar og forvaltningsinstitusjonar med nærare dokumentasjon av datagrunnlag, kriterium og prosessar.

Artsdatabanken deltok på ein internasjonal workshop i Finland i oktober 2019 der metoden og retningslinjene vart diskuterte. Det vart laga ei felles tilbakemelding til IUCN frå deltakarane. Erfaringane frå spesielt Noreg og Finland kan bidra til framtidig utvikling av metoden. Artsdatabanken har hatt innlegg på Miljøfagkonferansen for fylkesmennene om Raudlista for naturtypar.

Framande arter i Noreg – med økologisk risiko

Artsdatabankens arbeid med ny framandartsliste vart lansert 5.6.2018. I 2019 har det vore naudsynt med oppfølging av førespurnader frå næringsorganisasjonar og forvaltningsinstitusjonar med nærare dokumentasjon av datagrunnlag og prosessar. Metodikken for framandartsvurderingane og Framandartslista 2018 er no publisert i internasjonale tidsskrift. I tillegg er resultat frå

Framandartslista 2018 òg publisert i populærvitenskapleg tidsskrift. Det er utført kvalitetssikring og tilrettelegging av data om spreingsvegar for forskingsformål. Ein stor del av nettsidene om framande arter, inkludert søket, er omsett til engelsk. Ny samarbeidsavtale med Vitenskapskomiteen for mat og miljø vart underskriven i september.

2. Brukarorientering og kommunikasjon

Universell utforming på nett har stått sentralt i kommunikasjonsarbeidet i 2019. Dette året har vi leigd inn ein ekstern ressurs til å utpeika betringssområde og gje råd om prioritering av tiltak. Fleire betringar er gjennomførte på Artsdatabanken sine nettstader i 2019, og vi har òg ein del identifiserte betringar som står for tur. Vi har i tillegg lagt om kartleggingssidene til Natur i Noreg (NiN) og gjort dei meir brukarvenlege.

I 2019 sette vi i gang tiltak for å auka delen nynorsk i den eksterne kommunikasjonen vår. Ved utgangen av året oppfylte vi kravet om 25 prosent nynorsk med klar margin på eigenprodusert innhald på heimesida, publikasjonar og sosiale medium. Vi nådde 6300 følgjarar på Facebook og ca. 1200 følgjar på Twitter og Instagram i 2019.

Året har gått utan dei store lanseringane med store oppslag i media. Vi har likevel vorte omtalte jamleg og har mellom anna hatt ein kronikk i Aftenposten om insekt i Noreg. Vi gav òg ut ein jubileumskalender for 2020 (Artsdatabanken 15 år) som vart trykt opp og distribuerte i 1500 eksemplar.

Arrangement inngår òg i Artsdatabankens kommunikasjon med omverda. Eit døme frå 2019 er utstillinga «Den fantastiske skogen» ved NTNU Vitenskapsmuseet i Trondheim der vi publiserte innhald om Raudlista for arter. Artsdatabanken var medarrangør, delte ut profileringsmateriell og var ansvarleg for å utforma logo til den 9. internasjonale iBOL-konferansen i Trondheim med 450 påmelde.

3. Teknologi og digitale tenester

Teknisk drifts- og utviklingsarbeid

Alle produkta og tenestene i Artsdatabanken byggjer på underliggjande tekniske plattformer og infrastrukturar. Dette omfattar oppbygging av databasar med brukargrensesnitt for datainnlegging, forretningslogikk, feilretting og funksjonalitet for datapublisering. I 2019 har dette omfatta følgjande produkt og tenester:

- Artskart, Artsobservasjoner, NiN-kart og pilot på Økologisk Grunnkart med tilhøyrande tenester
- Stor innsats for å oppnå universell utforming og redusera digital gjeld i Artsdatabankens digitale tenester
- Drift av Artsnamnebase med vidareutvikling av importfunksjonalitet
- Nettsider og API-tenester (databanken) over på mikroteneestearkitektur
- Teknisk brukarinformasjon for etablering av eige arkiv for Artsdatabanken hjå Miljødirektoratet
- Førebuing til overføring av basis IT-drift med drift av fillagring og Office-programvare med lisensar og dessutan drift av personleg IT-utstyr frå NTNU til Miljødirektoratet er starta opp.

Forseinkingar i Miljødirektoratet har medført at denne prosessen vart berre starta opp, men ikkje sluttført i 2019

Informasjonstryggleik

Artsdatabanken har i 2019 arbeidd med informasjonstryggleik etter ISO 27001 standarden, og har gjennomført kurs og oppgradering av interne prosessar og dokument for å møta standarden. Systemdokumentasjon og forbetra rutinar vil senka risiko for nedetid i systemforvaltninga.

GBIF

Artsdatabanken og GBIF-Noreg har ein samarbeidsavtale og har framleis samarbeida om datamobilisering frå datakjeldene, her har Artsdatabanken ei større rolle enn tidlegare ved å ha ansvar for hausting frå kjelder i offentleg forvaltning. Grunna kapasitetsutfordringar og prioritet til arbeidet med Økologisk grunnkart, har arbeidet med datamobilisering i 2019 vore avgrensa. Artsdatabanken er med i styringsgruppa for GBIF-Noreg og har delteke i den norske delegasjonen på GBIFs årlege møte, i 2019 i Leiden, Nederland.

Norsk marint datasenter (NMDC)

Artsdatabanken har i 2019 arbeidd med datatilgang til NMDCs infrastruktur og tenester, og har levert oppdaterte marine datasett til denne infrastrukturen. Prosjektet er i perioden 2018-2022 i driftsfase med lågare aktivitet enn i prosjektfasen.

4. Organisasjon og samarbeid

Organisasjonsutvikling

Artsdatabanken gjennomførde i 2018 ei omstrukturering av organiseringa for å normalisere kontrollspenn og administrativ tilknytning med aukande tal på tilsette. Det vart etablert 5 team; arter og naturtypar, risikovurderingar og kart, IT, kommunikasjon og administrasjonsstab.

Då den nye organisasjonsstrukturen vart etablert, var det ein føresetnad at organiseringa skulle evaluerast. Denne evalueringa er gjennomført. Saman med resultatata frå måling av nøgda til medarbeidarane er det gjennomført tiltak for å optimalisere organisasjonen.

Organisasjon

Artsdatabanken hadde ved årsskiftet 33 tilsette. Av desse var 32 fast tilsette og 1 i mellombels stilling. På grunn av at fleire vart tilsette siste halvdel av året og at nokon tilsette gjekk i reduserte stillingar, vart det utført netto 29 årsverk ved Artsdatabanken i 2019.

Gjennom året har det vore innleigd 2 konsulentar som gjennom tenestekjøp har utført programmeringsoppgåver saman med fast tilsette IKT-utviklarar.

Tillitsvalde

Representant for Akademikerne (Naturviterne): Øyvind Bonesrønning

Representant for Akademikerne (Tekna): Torstein Altin (ut august) og Stine Svalheim Markussen (frå september)

Representant for UNIO: Lisbeth Gederaas (ut januar) og Toril Loennechen Moen (frå februar)

Representant for LO Stat: Åshild Stolsmo Viken

Dei tillitsvalde har delteke i møte i Samarbeidsforum og i førebuingane til lokalt lønnsoppgjer. Oppgjeret i 2019 vart også i år gjennomført i KLD med hovudorganisasjonane.

Administrative fellesløysingar i miljøetatane

Det er etablert ein strategi for administrative fellesløysingar i miljøetatane. Artsdatabanken har delteke i den endelege utforminga av denne. I 2019 har det vore stor aktivitet i iverksetjing av denne. For Artsdatabanken som ei lita verksemd er det krevjande å delta i alle dei obligatoriske prosessane som er sett i verk.

På fleire av områda blir det gjennomførte kartlegging og utforming av tiltak, dei fleste blir leidde av Miljødirektoratet. Det er spesielt 3 område der Artsdatabanken har deltatt med stor innsats; Innkjøp, IT og Arkiv. I tillegg til innsats på tre desse områda har Artsdatabanken òg deltatt i økonomiforum, HR-forum og i arbeidet med felles tekniske løysingar. Artsdatabanken har i 2019 hatt aktive innspel i to omgangar til utforming av ny IT-strategi (digitaliseringsstrategien) for verksemdene under KLD.

Arkiv

Grunna kapasitetsutfordringar med resten av dei administrative tenestene etter overføringa til KLD i 2018, har ikkje Artsdatabanken starta arbeidet med å etablere eige arkiv før i 2019. Artsdatabanken har gjennom året hatt ein prosess med Dokumentasjonseininga i Miljødirektoratet. Det er etablert ei tenesteavtale med klar og ryddig arbeidsdeling, gode rutinar for Artsdatabankens samhandling med Miljødirektoratet og ny arkivnøkkel for Artsdatabanken. Hausten 2019 har Artsdatabanken og Miljødirektoratet utført arkivering av ca. 70 % av arkivverdige materiale frå etterslepet frå 2018 til 2019. Grunna forseinkingar i Miljødirektoratet har ikkje sakshandsamarar i Artsdatabanken fått eigen tilgang til arkivløysinga i 2019.

IV. Styring og kontroll i verksemda

Den overordna styringa i Artsdatabanken baserer seg på dokumentet Viktige mål for 2019 med risikomatrixe knytt til dei enkelte målparametrane. Identifiserte tiltak knytt til hendingar med høg risiko er gjennomført med reduksjon av risiko som resultat.

Artsdatabanken har i 2019 arbeidd med informasjonstryggleik etter ISO 27001 standarden, og har gjennomført kurs og oppgradering av interne prosessar og dokument for å møte denne standarden. Systemdokumentasjon og forbetra rutinar vil senka risiko for nedetid i systemforvaltninga. Det er igangsett eit prosjekt knytt til universell utforming av Artsdatabankens nettsider. Prosjektet er ikkje slutført. Artsdatabanken har som styrevedteken politikk at alle data og kjeldedata skal vera offentleg tilgjengeleg.

Det er ein pågåande prosess knytt til å inngå i felles IKT-plattform i sektoren. Migreringane er utsett av Miljødirektoratet og vil skje i 2020.

Det er utarbeidd ein beredskapsplan for verksemda og det er gjennomført øvingar med korrigerande tiltak knytt til desse. Oppsummering ref. 2020/6.

Samordning av dei administrative funksjonane i miljøforvaltninga

Det er etablert ein strategi for administrative fellesløysingar i miljøetatane. Artsdatabanken har deltatt i den endelege utforminga av denne. I 2019 har det vore betydeleg aktivitet i iverksetjing av denne. For Artsdatabanken som ei lita verksemd er det krevjande å delta i alle dei obligatoriske prosessane som er sett i verk.

På fleire av områda blir det gjennomførte kartlegging og utforming av tiltak, dei fleste blir leidde av Miljødirektoratet. Det er spesielt 3 områda der Artsdatabanken har delteke med betydeleg innsats; Innkjøp, IT og Arkiv. I tillegg til innsats på tre desse områda har Artsdatabanken òg deltatt i økonomiforum, HR forum og i arbeidet med felles tekniske løysingar. Artsdatabanken har i 2019 gitt aktive bidrag til utforming av ny IT-strategi for verksemdene under KLD.

Miljøvennlege produkt

Artsdatabanken er leigetakar i eit bygg med stor fokus på kjeldesortering.

Fellesføringar 2019 til alle statlege verksemdar

Inkluderingsdugnaden

Artsdatabanken tok i 2018 kontakt med NAV for å finne ut om rammevilkåra for mellombels praksisplass for personar med hol i CV. Denne saka vart avslutta i 2019. Det var ein aktuell person som melde seg, diverre vart vilkåra tolka slik av NAV at vedkomande var uaktuell for praksisplass i Artsdatabanken. Vi hadde 7 tilsetjingar i 2019 og brukte ein standardtekst i kunngjeringane: «Et godt arbeidsmiljø er preget av mangfold. Vi oppfordrer kvalifiserte kandidater til å søke uavhengig av kjønn, funksjonsevne eller kulturell bakgrunn». Det var ikkje tilstrekkelege opplysningar i søknadene i 2019 som gjorde at Artsdatabanken kunne fanga opp dette. Ingen av dei som vart tilsette hadde nedsett funksjonsevne eller hol i CVen.

Artsdatabanken hadde i 2019 tre tilsette med nedsett funksjonsevne, og tre tilsette som nyttar handikap-parkering. I tillegg vart det for nokre år sidan tilsett ein person etter arbeidstrening i regi av NAV, vedkomande søkte jobb på ei kunngjering og fekk fast tilsetjing.

Tiltak for å motverke arbeidslivskriminalitet

Artsdatabanken leiger kontorlokale av EC Dahls Eigendom AS på Pirsenteret i Trondheim. Vi nyttar dei same leverandørane til reinhald og liknande som utleigar har avtaler med. Artsdatabanken har forutsett at utleigar har avtaler som i samsvar med lovverk som skal hindra arbeidslivskriminalitet.

Revisjon

Artsdatabanken har hatt ekstern evaluering og revisjon frå Riksrevisjonen både i arbeidet med årsrekneskapen 2018 vårvinteren 2019 og interimrevisjon hausten 2019.

V. Vurdering av framtidutsikter

Det er vurdert å vere et stort potensiale knytt til bruk av teknologiske løysingar for innsamling og formidling av informasjon. Potensialet for effektivisering ved automatisert datafangst basert på ny teknologi vil auke volum og kvalitet og vil styrke Artsdatabanken sin rolle som kunnskapsformidlar vesentleg. Biletgjenkjenning vil til dømes opne for ein auke i datagrunnlag som kan foredlast vidare som støtte for vedtak i forvaltninga. Samtidig vil biletgjenkjenning kunne bidra i undervisningssamanhang og generell kunnskapsdeling på mange nivå.

VI. Årsregnskap

Ledelseskommentar årsregnskapet 2019

Formål

Artsdatabanken er en nasjonal kunnskapsbank om naturmangfold i Norge. Artsdatabankens viktigste oppgave er å forsyne samfunnet med oppdatert og lett tilgjengelig kunnskap om naturtyper, arter og populasjoner (genetisk variasjon). Artsdatabanken skal ha en fri og uavhengig stilling i alle faglige spørsmål..

Bekreftelse

Årsregnskapet er avlagt i henhold til bestemmelser om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 fra Finansdepartementet, og retningslinjer fra Klima- og miljødepartementet. Regnskapet gir et dekkende bilde av Artsdatabankens disponible midler, regnskapsførte utgifter, eiendeler og gjeld.

Vurderinger av vesentlige forhold

I 2019 har Artsdatabanken disponert tildelinger, over kap. 1411 på til sammen 76 mill. kroner. I tillegg har Artsdatabanken mottatt tildelinger og fullmakter over kap. 1410 post 22 på til sammen 16,8 mill. kroner.

Andre utbetalinger til drift utgjør 29,2 mill. kroner. Av dette utgjør kjøp av fremmede tjenester 21,7 mill. kroner. Dette er i hovedsak utbetalinger knyttet til tjenestekjøp i forbindelse med Natur i Norge, Rødliste for arter og Artsobservasjoner under kapittel 1411 post 21.

På kapittel 1411 post 01 var bevilgningen totalt på kr 34 mill. kroner. Artsdatabanken har regnskapsført 32,4 mill. kroner. Mindreutgiften på denne posten ble på 1,6 mill. kroner på denne posten i forhold til tildelingen. 1 mill. kroner av dette knyttes til mer tidkrevende prosesser enn forventet i budsjettet ved tilsetninger av nye og vakante stillinger. Budsjetterte kostnader til lønn var på 26,6 mill. kroner. Artskontorrapporteringen viser at netto rapporterte utgifter til lønn og sosiale utgifter beløp seg til 25,6 mill. kroner.

Av driftsutgifter under kapittel 1411 post 01, er utgiftsført 3,9 mill. på investering immaterielle eiendeler. Det er i hovedsak kjøp av lisenser (Governmental licences, Microsoft) i forbindelse med at Miljødirektoratet skal overta drift av basis IT-infrastruktur fra NTNU. Jamfør note 5.

Andre utbetalinger til drift utgjør 29,2 mill. kroner fra alle budsjettkapitler til sammen (artskontorrapporteringen med note 3). Av dette utgjør kjøp av fremmede tjenester 21,7 mill. kroner. Dette er i hovedsak utbetalinger knyttet til tjenestekjøp i forbindelse med Natur i Norge (kap. 1410 post 22), Rødliste for arter og Artsobservasjoner under kapittel 1411 post 21.

